

Organisasjonsnummer: 864978932

Foretaksnavn: Ørskog kommune

Navn: Runa Klock

Kontonummer: 40600700245

Adresse: Rådhuset, Øyravegen 11

Postnr.: 6240 Ørskog

Telefon: 70165922

Mobiltelefon: 48218741

E-post: rukl@orskog.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

SØKNAD

REFERANSENR.: 18S955E1

Grøn mobilitet på Sjøholt

Type tiltak: Klimavennlig transport - gjennomføring av tiltak

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Hvem: Ørskog kommune ligg i Møre og Romsdal Fylke og har ca. 2270 innbyggjarar. Kommunesenteret Sjøholt er eit trafikalt knutepunkt og opplevast som delt i to. E39 utgjer ei barriere og manglar direktekryssingar for køyrande og fotgjengarovergangar i plan. Mykje av stamvegtrafikken til austlandet går gjennom sentrum, noko som gir stor trafikkbelastning (ÅDT 6200), med mykje tungtransport. I sentrum har etablering av m.a. rådhus, barnehage og buss-stasjon ført til at "tyngdepunktet" er flytta frå det historiske sentrum på nordsida, til det tidlegare industriområde på sydsida. Dei fleste bur på nordsida og det er stor interntrafikk.

Hva: Dei omsøkte tiltaka er ein del av kommunen si tettstadutviklingsstrategi der kommunen samarbeider tett med fylkeskommunen sitt tettstadprosjekt. Det er gjort registreringar som har vist at det er stor mangel gangveggar og fortau, på fysiske koplingar mellom eksisterande gangveggar, og mange utflytande areal utan avgrensing og skilje mellom soner for bil og gåande/syklende. I tillegg gir bildominans i sentrum ei dårlegare oppleving av å bevege seg til fots/sykkel.

På den andre sida har registreringa vist at Sjøholt har eit stort potensiale til å utvikle seg til en trygg og lettorientert (intuitiv orientering) tettstad med tydelege og trygge gangveggar/snarveggar, fotgangarovergangar, turveggar og parkar i eit saumlaust nettverk. Oppgradering av gode løysingar for mjuke vil bidra til at det blir tryggare og lettare å velje å gå eller sykle i og rundt sentrum og til viktige målpunkt, som f.eks. den nye skulen, buss-stasjonen og idrettsplassen.

Registreringar vil supperast, men har allereie gitt oss eit godt grunnlag for å starte med utarbeiding av konkrete planar/prosjekt som kan realiserast innan relativ nær tid. Disse søke vi no klimasatsmidlar til. Ørskog Skule (10 trinn) ligg på sydsida av bygda og viktigaste skuleveggen går gjennom Sjøholt Sentrum. Ei spørjeundersøking (2018) ved ungdomsskulen viser at nesten 40% blir køyrt i privatbil til skulen og 24% med buss. I tillegg blir 81%(!) køyrt i privatbil til fritidsaktivitetar. Vi er dermed langt frå målet i Nasjonal sykkelstrategi på at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til og frå skulen. Med tanke på at vanar for framtida leggst i barndomen er det viktig at borna her begynner å sykle og gå meir.

Ørskog kommune søker om tilskot til fire tiltak;

- 1) Tilretteleggingstiltak for gåande og syklende
- 2) Sykkelstallar/ stativ med og utan lading
- 3) Forprosjekt kryssing av E39
- 4) Transformasjon av veg til grøntareal langs E39

Hvordan vil tiltaket gi reduksjon i klimagassutslippene?

Mål med omsøkte prosjekt er å gjennomføre ulike tiltak i Sjøholt sentrum for å skape trygge, gode vegar for skuleborn, gåande og syklende. Desse prosjekta skal evaluerast og gi erfaring for planlegging og realisering av fleire nye tilsvarande prosjekt i nær framtid.

Tiltak 1: Tilretteleggingstiltak for gåande og syklende

Vi ønskjer å stimulere til å gå og sykle i sentrum gjennom tydeleg og heilskaplege løysingar. Det blir søkt om støtte til mange mindre tilretteleggingstiltak i sentrum for gåande og syklende: Etablering av fortau og korte sykkelvegar, merking og visuelt skilje mellom mjuke trafikantar og bilar, oppmerking av overgangar, oppstramming av kryss, kvilebenkar, skilting, behovstyrt LED- lyssetjing og etablering av grønne element som skal virke fartsreducerande. Ulike virkemiddel til oppstramming av utflytande områder for å markere og forsterke linjer, kanalisering og definering av kryss for å avgrense konfliktareala mest mogeleg og gjere kryss meir leselege. Oversiktlege, trygge og attraktive løysingar skal vere med å endre kulturen her, slik at fleire vil velje vekk bilen, og både vaksne, barn og unge trygt kan gå/sykle til arbeid og skule, fritidsaktivitetar og i sentrum. Etablering av gode vanar hjå borna vil gi effekt gjennom gode klimavalg resten av livet.

Tilrettelegging i sentrum og skuleveg er starten på ein ambisiøs og klimavennleg utviklingsstrategi for Sjøholt tettstad. Tilrettelegging for meir gåing og auka sykkelbruk vil gi klimagassreduksjon. Kommunen er i ferd med å gjennomføre andre tiltak for gåande og syklende, utanfor sentrum, men ønsker støtte til nemnde startarbeid, og for å knyte eksisterande løysingar saman. Gjennom mange, men relativt enkle grep, kan heilskapleg tilrettelegging i sentrum bli mykje tryggare og betre.

Ei oppgradering av dei fysiske tilhøva vil bli støtta opp av ei rad ulike aktivitetar som "sykle til jobben"-kampanje, "sykle til trening" - (i samarbeid med Fysiotrimmen og ØIL) , "Sykle til kafeen" og få avslag på kaffi (i samarbeid med Systra kafé). Fleire av butikkane vil være med å ruste opp sine sykkelparkeringstilbod i denne dugnaden, og vi vil nytte sosiale mediar for å sette lys på ei grøn utvikling av Sjøholt.

Tiltak 2: Sykkelstallar/ stativ med og utan lading

Ein kvar sykkeltur endar med ein parkert sykkel. Det er derfor eit direkte forhold mellom mengda av sykkeltrafikk og talet på parkerte sykklar. Gode sykkelparkeringsanlegg vil bidra til en betre og vakrare stad, og vil på den måten inngå positivt i arbeidet for å få fleire til å sykle. Vi viser med tiltaka at vi ønskjer å legge til rette for sykling, og dei som allereie sykklar får glede av tak og tjuverisikring. Med overbygde sykkelparkeringar vil sykkelstallar stå tørt og trygt og dette vil gjøre det lettare for pendlarar å velje sykkel framfor bil.

Mange bakkar i Sjøholt gjer at avstand mellom byggefelta og sentrum opplevast lengre enn kva han er. Med el-sykkellading vil ein legge betre til rette for at fleire investerer i el-sykkel, perfekt for ei vestlandsbygd som Sjøholt! Vi ønsker å starte med fire overbygde sykkelparkeringar: eit ved rådhuset/biblioteket, eit ved ny aktivitetspark Måsøyra, eit ved buss-stasjonen og eit ved skulen/idrettsstadion.

Tiltak 3: Forprosjekt kryssing av E39

Det er per i dag berre eitt kryssingspunkt, frå nord til sydsida, for gåande og syklende i sentrum. Dette er ein undergang som ikkje universelt utforma. Det igjen medfører at alle som har bevegelsesutfordring av noko slag, må køyre bil.

Undergangen blir med ujamne mellomrom fylt av vatn. Svært mange kryssar E39 i plan, og ein kan tydeleg

sjå på flyfoto kvar den mest brukte ruta er etablert. Dette er i 60-sone, og fører til mange farlege situasjonar. Pga. mangel på kryssingspunkt brukar dei fleste bil sjølv på svært korte strekk, og interntrafikken er høg.

Udergangen er mørk og uoversiktlig og kan opplevast utrygg. Udergangar generelt er ypisk for vegutforming og eit formspråk som prioriterar bilar framfor menneskjer. Å krysse ein veg i plan gir alltid den kortaste vegen og gir mjuke trafikantar ei kjensle av å være prioritert. Med kryssing i plan må bilar og menneske sameksistere, noko som legg grunnlag for eit mindre bilbasert samfunn og støttar opp om nullvekst i biltrafikk

Det er ønskeleg å gjennomføre eit forprosjekt på nye kryssingsmogelegheiter, både i plan og overgang. Det er etablert ei arbeidsgruppe i lag med Statens vegvesen, for å betre situasjonen rundt E39. Statens vegvesen etterspør målingar og analyser på interntrafikk, gåande og syklende for å komme vidare i arbeidet, og kommunen treng å hente inn kompetanse for å finne ei løysing som vil minimere interntrafikken med bil, og auke attraktiviteten og tryggleiken for gåande og syklende.

Tiltak 4: Transformasjon av veg til grøntareal langs E39

Sjøholt sentrum er i dag prega av store asfalterte vegar og plassar (Sjå vedlagt bilete). Her sender ein signal om at bilen har førsterett. Meir grøntareal i sentrum vil gjere det trivelegare og tryggare å gå, og gi sterke signal om ein stad med mindre bilprioritet. I samtale med Statens vegvesen har vi fått råd om å bruke grøne rabattar og plantar for å ta ned farta på trafikken, Sjøholt vil slik bli oppfatta og definert meir som ein tettstad enn ein gjennomfartsveg. For å minke interntrafikk, legge til rette for og trygge forgjengarar ønsker vi å stenge ei avkjørsle og ein kommunal veg i sentrum, og gjere den om til grøntareal. Vi søker tilskot til å komme i gang med å etablere grøntarealet og til beplanting i sentrum. Her får vi ein klar klimaeffekt og signaleffekt av at grøntareal erstattar vegareal.

Hvilke virkninger, i tillegg til reduksjon i klimagassutslipp, vil tiltaket ha?

Effekten av fleire menneske som går og sykklar, og færre i biler i sentrum vil gi eit meir levande og attraktivt Sjøholt sentrum, som igjen vil auke livskvalitet, bustadbygging og bulyst i sentrum og slik mindre behov for bilbruk og auka bruk av kollektivtransport.

Fleire gåande og syklende vil være eit svært viktig bidrag for å fremme folkehelsa i kommunen.

Mindre bruk av bil vil også påverke luftkvaliteten positivt, og minske støy.

Tiltaka vil ha ein klar estetisk verdi for sentrum, og dei grøne elementa vil bidra til betre handtering av overvatn. Store delar av Sjøholt sentrum er i dag asfaltert og det er få perforerte flater der vatnet kan trenge gjennom, bremsas og reinsast. Overvatn vil i framtida bli eit enda større problem enn i dag pga. klimaendringane. Vi har utfordringar med flaum/overflatevatn i dag, og må vurdere tiltak mot dette inn i arbeidet med tettstadutvikling og ny reguleringsplan. Ei satsing som omsøkt vil gje oss planmessige musklar til finne løysingar som ivaretek omsyna både til klimagassutslipp og overflatevatn.

Eit grøntareal sentrum vil ta ned farta til dei som køyrer gjennom bygda, og slik auke trafikksikkerheita.

Det er et mål at tiltakene som får støtte skal ha spredningspotensial og overføringsverdi til andre fagområder eller kommuner, og være nyskapende ved å prøve ut nye løsninger. Hvordan kan tiltaket bidra til noe av dette?

Gjennomførte prosjekter/tiltak vil gi direkte og målbare resultat i mindre skala og med relativt lave kostnader (lav økonomisk risiko). Resultata kan veldig lett nyttast i planlegging av større og meir kostbare prosjekt. Ved å måle før tiltak, teste, evaluere og endre kan ein hauste erfaring og overføre til større prosjekt seinare. Dei fysiske tiltaka vil gi erfaringar om kva tiltak som gir best effekt for auka gang- og sykkelaktivitet. Dei erfaringane vi gjer i dette arbeidet vil være overførbare til andre tettstadar. I tillegg er kommunen med i Sykkelnettverket ein arena for erfaringsutveksling, der vi vil bidra aktivt med våre erfaringar.

Dei fysiske tiltaka skal ikkje stå åleine; kampanjar og arrangement med fokus på sykkel er ein svært viktig del av satsinga. Mange av desse tiltaka skjer i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og næringslivet. Denne omfattande kombinerte offensiven og dugnaden skal dokumenterast, og formidlast gjennom både

foredrag, og eigne kanalar som snapchat: @sjoholtssentrum, og instragram: @sjoholtssentrum. Dei nye samanhengande sykkelrutene skal registrerast i Morotur-Appen.

Tiltaket vil medføre endringer i aktivitet eller utslipp. I den grad det er mulig å tallfeste effekten av tiltaket bør det foretas registreringer eller tellinger før og etter tiltaket er gjennomført. Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

Ørskog kommune vil i samarbeid med Statens vegvesen registrere/telle internttrafikk i bygda. Dersom kommunen får midlar til omsøkte prosjekt vil det bli gjort tilleggsregistreringar av syklende og gåande før og etter gjennomføring av prosjektet. Gjennom dette vil kommunen få ei direkte måling av effekten av prosjektet. Det er gjennomført spørjeundersøking på Sjøholt ungdomsskule vinteren 2018 (alle 5 klasser). Ved å gjenta denne vil vi kunne måle effekten av tiltaka.

Kommunen skal no i februar måle og analysere den universelle utforminga av heile sentrum. Også denne analysen vil være interessant å samanlikne med, då universelt utforma uteområde fremmar sykling og gåing framfor bilkøring.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

I kommuneplanstrategien for Ørskog (2017-2020) er klimaendringane peika på som vår tids største utfordring, og Ørskog kommune må innrette utviklinga i retning av eit samfunn med låge utslepp. Ein har også ambisiøse målsettingar om ei positiv utvikling i folketallet og at Sjøholt skal ha eit fortetta og levande sentrum, og at sentrum skal leggas til rette og være gå- og sykkelvennlige. Kommunen er medlem i Sykkelpnettverket. Sentrum skal utviklas i ei slik retning at folk vil bu sentralt og nært kollektivknutepunkt. Planutvalet og ordførar er orientert om, og stiller seg bak søknad. Kommunestyret har i siste budsjetthandsaming prioritert fysisk planlegging og investeringar i vegnettet.

Gjennomføring

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket når tiltaket er gjennomført?

Omsøkte tiltak skal eigast, driftas og vedlikehaldas av kommunen, og i nokre av tiltaka også Statens vegvesen.

Hva er forventede driftsoppgaver og årlige driftsutgifter?

Tiltak 1. Vanleg kommunalt vedlikehald av linjer for gåande og syklende sommar/vinter. Vi må pårekne noko auka vintervedlikehald, på brøyting av fortau og gangareal.

Tiltak 2. Dersom prosjekta i denne søknaden blir gjennomført er målet at driftskostnadane og vedlikehaldskostnadane skal minimerast ved låge straumkostnader pga. LEDlys, lågare kostnader pga. material med god kvalitet, lågare vedlikehaldskostnader pga. design som førebygg tagging og hærverk. Årlige driftsutgifter er stipulert til om lag 25.000,-.

Tiltak 4. Auka kommunalt vedlikehald for grøntområdet, men mindre brøyting og asfaltering når veg forsvinn.

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Prosjekta skal starte våren 2018 og avsluttas 2019/20. Forskjønning og forgrøning skal være ein kontinuerleg prosess framover.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Tiltak 1: Tilretteleggingstiltak for gåande og syklende:

Delprosjekt a) Sjøholt sentrum

Overordna teljing, planlegging og analyser (vår 2018), definering og markering av gang og sykkelareal, LED-gatelykter, fotgjengarovergangar, innsnevring og definering av innkjøring til butikkparkering og fjerning av unødvendig/uoversiktlig trafikk og parkering. Ny teljing, og analyse 2019.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Sluttidspunkt: 2019

Delprosjekt b) Kyrkjevegen/undergangen

Særs farleg og uoversiktleg strekning på skulevegen og eit nøkkelpunkt for å auke tryggheta, antall gåande og syklende. Rehabilitering av gangarealet, skilje areal mellom bil og mjuketraфикantar, LED-gatelykter, oppbygd fotgjengarovergang, innsnevring og definering av innkjøring til butikkparkering og lage eit oversiktleg trafikkbilde.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Sluttidspunkt: 2018

Delprosjekt c) Gangvegar mellom Kyrkjevegen og sjøkanten/havnegata

Det er i dag to parallelle gang- og sykkel-stiar i sentrum, disse manglar kontakt. Det skal etablerast tre tverrforbindelsar slik at ein både kjem seg trygt frå den eine til den andre, men også kan nå den nye aktivitetsplassen på Måsøyra og småbåthamna. LED-gatelykter, og planting for å definere inn- og utkøyring: Ved kanalisering og definering av kryss og utkjørseler er målsettinga å avgrense konfliktareala mest mogeleg og auke tryggleiken.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Sluttidspunkt: 2019

Delprosjekt d) Gangveg mellom Brua og busshaldeplassen

Mykje brukt snarveg over udefinert areal/parkeringsplass som borna brukar mellom to tydelege målpunkt; buss-stasjon og skule/idrettsplass. Denne ruta vil bli forsterka når nye skulen opnar. Etablering av ny gangveg, plantning som virkemiddel til oppstramming av utflytande områder og skilje areal mellom bil og mjuketraфикantar. LED-gatelykter. Samarbeid med Ørskog Sogn, som eig delar av grunnen.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Sluttidspunkt: 2019

Delprosjekt e) Event og arrangement

Døme på event og arrangement er sykkelopplæring i skulen, sykle-til-jobben/trening/kafé-kampanje, luft-fylle-stunt og sykkelmekkedagar i samarbeid med den sosiale entreprenøren Retour (sykkelprodusent). Mange av desse tiltaka skjer i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og næringslivet. Oppdateringar og medverking gjennom sosiale media og foredrag.

Tidsbruk: heile året.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Tiltak 2: Sykkelstallar/ stativ med og utan lading

Teljing, målingar og analyse av sykkelbruk ved målpunkt vår 2018. Prosjektering, anbod, innkjøp og montering av overbygde sykkelstallar. Nye teljingar ved etablerte sykkelstativ.

Ansvarlig: Ørskog kommune

Sluttidspunkt: haust 2018

Tiltak 3: Forprosjekt kryssing av E39

Teljing, målingar og analyse av trafikk vår 2018. Forprosjekt, leige inn kompetanse.

Ansvarlig: Ørskog kommune i samarbeid med Statens Vegvesen

Sluttidspunkt: 2019

Tiltak 4: Transformasjon av veg til grøntareal langs E39

Stenging, sanering av veg, opparbeiding av grøntareal, beplanting, lyssetjing, skilting

Ansvarlig: Ørskog kommune i samarbeid med næringsliv og grunneigarar.

Sluttidspunkt: 2019

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Ørskog er ei lita kommune og har dermed begrensa mulegheit for å igangsette fleire gjennomgripande prosjekt for å redusere biltrafikk og stimulere til auka sykling og gåing.

Ved å få økonomisk støtte gjennom Klimasats vil vi kunne gjennomføre fleire og større prosjekter og dermed bidra til redusert bilbruk og køyremogelegheiter, og auke andel av syklende og gåande. Det er allereie stadfesta at næringsliv og andre aktørar også vil bidra til å gjere Sjøholt sentrum meir levande og betre tilrettelagt for gåande og syklende. Støtte frå Klimasats vil gjere det vesentleg lettare å få eksterne bidrag frå disse og vil være eit tydeleg signal til alle i kommunen om at det no skjer store ting i forhold til nytenking og tiltak for å prioritere gåande og syklende og eit grønt Sjøholt for alle.

Kostnadsoverslag / Budsjett

| Utgifter til gjennomføring av tiltaket | Beløp uten mva |
|--|------------------|
| Tiltak 1: Tilretteleggingstiltak for gåande og syklende | 3 200 000 |
| Tiltak 2: Sykkelstallar/ stativ med og utan lading | 250 000 |
| Tiltak 3: Forprosjekt kryssing E39 | 200 000 |
| Tiltak 4: Transformasjon av veg til grøntareal langs E39 | 1 500 000 |
| Total sum | 5 150 000 |

Finansiering

| Finansiering av tiltak | Beløp uten mva |
|---|------------------|
| Samlet kostnad ved tiltak(ene) | 5 150 000 |
| - Andre offentlige tilskudd | 900 000 |
| - Annen finansiering | 350 000 |
| - Egne midler | 1 325 000 |
| = Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen | 2 575 000 |

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Ved reduksjon i tilskotet vil vi kunne gjennomføre deler av dei omsøkte delprosjekta.

Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Ja

Oppgi type midler, beløp og vilkår:

Nei, men vi vil søke støtte frå lokalt næringsliv og er i dialog med Tesla om støtte til grunnarbeid for EL-sykkellading i samband med ny Tesla-ladestasjon i Sjøholt sentrum.


Vi er i dialog med SVV om delfinansiering i tiltak i tilknytning til E39 og undergangen.


Vi sender også inn søknad til fylkeskommunen i Møre og Romsdal om tettstadutviklingsmidlar: fysiske tiltak.


Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei


Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

 Planstrategi for Ørskog kommune 2017-2020.pdf (Annet)

 02 kart over tiltak .pdf (Prosjektbeskrivelse)

 oppgaveprogram sjøholt_utkast.pdf (Annet)

 sjøholt sentrum no.jpg (Bilde)

Merknad:

Ingen merknad

[sign] Runa Klock for Ørskog kommune

Lvert 15.02.2018